

140 millimeter sidan søndag

28.10.2014



Elva fløynde utover bakkane ovanfor Skulebruo.

Vi er inne i en skikkeleg nedbørsperiode, men det regner kanskje ikkje så mykje som ein skulle tru. Talla frå målestasjonen til Kurt Haugland på Korsnes fortel at det sidan søndag har falt 138 millimeter fordelt med 48 på søndag, 36 på måndag og 54 på tysdag. Imidlertid held uveret fram og talet for i dag vert nok skikkeleg høgt.



Det var tett mellom bekkene i Kvitlane. Tverrelva skimtast til venstre på bildet.

Likevel skal det godt gjerast å slå det hittil høgaste nedbørstalet i denne månaden. Det var 82 millimeter og noteringa skjedde 9. oktober.



Vatnet fløymde utover bakkane nedanfor Dønhaughølen. Ridebanen til Magne Huglen midt på bildet.

Førebels har det regna 20 av dagane i denne månaden og det har ikkje vore ein einaste notering under null. Til gjengjeld har det vore mildt for årstida, med ein middeltemperatur på 12,12 og 14 dei 3 siste dagane.

Vassføringa aukar imidlertid framleis og bileta nederst i dalen er teke mellom klokka 16 og 17 i dag.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen.

Foto: Thor Inge Døssland.